



Dette er huset som familien Haugland på Klammaren ynskjer å riva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjell Magne Haugland har no søkt kommunen om rammeløyve for å rive det gamle våningshuset på familiegarden Klammaren.

Dottera hans Merete Haugland skal overta garden i nær framtid, men huset er i ein så dårleg forfatning at ein ikkje ser seg mon å restaurera eller rehabilitera det og eventuelt byggja på det. Det er i minste laget for ein stor familie.

Familien ynskjer å byggja eit nytt våningshus på same tomta. Ein vil då få eit tenleg hus på garden samstundes som ein ikkje byggjer ned arealet til bruket, som det ikkje er for mykje av.

Ein vil også få ein oppgradering av avløpsanlegget, som skal prosjekterast og utførast av godkjent rørleggjar.

Kjell Magne Haugland held fram:

- Det er og svært viktig at yngre krefter, når dei ynskjer det, kan få busetja seg på landsbygda og ivareta og nytta seg av dei einskilde små bruka rundt om i kommunen vår, og at ikkje alle trekkjer mot sentra i kommunen.

Han har teke opp saka med landbrukskontoret (Terje Natland) og fått positiv attendemelding, opplyser Haugland.

Av Ola Matti Mathisen